

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Fjörtøft

Oppskr. av: Olav Fjörtøft

Gard: Fjörtøft, nøre og søre
og Otterleie.

(adresse): Fjörtøft

G.nr. 3 og 4, Br.nr. alle bruk.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Oppskrifta er for nyare tid etter eiga røynsle - og gjeld for heile øya Fjörtøft med gardane Nøre Fjörtøft, Søre Fjörtøft (g.nr. 3) og Otterleie (g.nr. 4)

B. For eldre tid er oppskrifta etter min far, Lars Eivarsen Fjörtøft, no kårmann, men for brukar av g.nr. 3 og br. nr. 3 på Fjörtøft. Han er fødd 1862.

Fjörtøft den 20. jan. 1947.

Olav Fjörtøft.

Transport av höy.

1. Alle brük på Fjörtofts-gårdane er jamt mindre brük med 4-7 kyr og hest. No utmarksstätt er det svært lite. Det verste som er, er frå mindre leigar som etter utskiftinga 1862 vart lagde til innbøien. Disse leigane slo ein ^{för} meir gjennomført enn no. To húsmanns plasser var det i utmarks-området til 1902, då all utmark vart delt. Dei foddde ei kú og nokre sauer kvar. Dei slo gjerne gras alle stader der dei fann nokre tønder gjæn eller stuttorvet.

2. Høystakke eller utløe har aldri vore i brük her - og ikkje på øya i det heile.

Høyet var för alltid tūrka på vollen (på slåttuplassen) No vort både heije tūrking og voll-tūrking nytta. Over alt brukar ein no moderne arbeidsmaskiner - hestrive, stesrive. Små brük som ikkje har hest, får låna hest og vogn til heimkjøring av høyet.

Húsnaemene, som var her, bar høyet inn i lóa når det var turt. Langhøyet bar dei i bärtau, - her åttala "byra lög". Bärtauet hadde ei sterk vidje i enden og verka då som remme lytkkje som stramma bora i hop. Dei la tauet etter marka og la høyet opp i "kjemler", saman kjemt med rive. Det låg då beire i bora. Det var mest kvinnfolkka som "kjende" høyet til. Dei letta og oppunder når beraren tok bora på ryggen. - - Småhøyet bar dei i meis. Var her kalla høymeis. Denne var laga av forskegarv. Når meisa var full, svørte dei ho saman med eit snöreband.

Børbævet lag over aksla når dei bar
børa eller meisa.

Borna var alltid med i arbeidet
med høyet.

Flodde har ikkje vore kjent her.
Derimot har trillebåra vore brukt, og
vert så emne på hestlause bruk. Det
var ei vanleg trillebåre med hjub framme,
to armar og fast botn. Til bruk som
høy-båre ~~byr~~ vart det fest ein karm
på trillebåre. Denne leik ein full av
høykjemmer og strøke "gyrda" bær over.
Bærer utan horebrett - ukjende. Det var
nok helst vaksne som brukte trillebåra.
Ei slik bære kunne ta 2 bører eller 8-10
"kjemmer." - Løypestreng har ikkje
vori i bruk; fjellslått finst ikkje og
har ikkje vore før heller.

3. Allt høy kjørt heim om sünaren - i
sjølve slåttonna.

4. Om kjøredoring til høykøyring :

Til ut i 1860-åra var det sleden den
einaste kjøredoring til høykøyring. Slike sledar
finst ikkje att her no. Dei var ikkje over 2,5
m. lange på 1,5 m. breie. Det var ikkje jarn-
skoning under meiane. Lessingav lasset
var dei nøyne med. Dei kjemde høyet og
byrja fremst på lasset og la dei rekker att-
over med lag oppå lag til lasset var fullt,
og alltid slik at den eine "kjemba" hølt
den andre. Borna fekk gå oppi og trakka
saman. Når lasset var fullt, la dei
høybanga oppå og "gyrta" lasset. Gyrde-
bævet kallast her "long-sime"

4.
„Fongsimen“ var eit hjukkvoer, skrukt
tau som var fest i framste tverrstykket
på tanga og gjekk derifrå under
sleden og oppatt i atterkant av lasset
oppi atteraste tverrstykket av tanga,
som dermed vart pressa ned både
framene og bak. Lasset vart dermed
pressa fast saman og vart ikkje av
sleden. Slik fong med „fong-sime“
er enno i bruk ^{på høyopgn} når ein køyrer inn
korn (lo) frå hesjane. Brukar enno
namnet „fong-sime“ om fyrde tauet.

Og vi seier framleis å „gyrra lasset“
Hjulslede veit ingen har vori brukt
her. Derimot vert alle former for
to-hjula vogner kalle hjulslede
såmo stader i Haram, men lite
brukt på Jørloft.

Høyvogna av løyste høysleden i
1860-åra. På høyvogna er skjokene mer
oppbyggde bak enn andre vogner. ~~Botnen~~
Botnen er ei bordgrind
spikra fast oppå tverrstykket - „hjärta“
- mellom skjokene. Lengda på ~~grind~~
botnegrinda kring 2,5 m, så lasset
pålest kan bli 3 m. og vel det. Breidda
på vogna er vanleg køyrevogn breidd
no, lagd på normalakshingar. På dei
eldste vognene var det ~~botnegrind~~ åsar
(akshingar) av tre. Det var alltid berre
to hjul. Dei var heimelaga og utan skoning
frå fyrst av. Men ut i 90-åra vart jern-
skoning vanleg. No blir berre fabrikk hjul
nytt. No 4-hjulsvogner finst her berre ei.

Sunkil tida kring 1910 vart höylasset
på vognar lest på same måten som på
høyleden og gyrra med long og
longsime. Eit slikt lass vøg vanleg
150-200 kg. Langhøy-lasset vøg alltid
mest.

Etter 1910 kom høygrinda i bruk
og er no nytta av alle. Høygrinda er
sett saman av 4 særskilde lette grinder
laga av trelekter, eller tre lekter og stål-
tråd. Tverrgrindene framme og bakt
er faste; sidegrindene er feste slike
til vognar at dei lett kan lyftast av
når lasset skal tipsast av, og det
skjer alltid til sida. Oppe er dei 4
grindene feste saman med hasper
som lett kan dragast opp. Lasset på
desse høyvognene lesar ein no
berre med høygaffel, anten det er frå
høyjar eller samansatte skårar på
vollen. 250 kg. vøg eit slikt lass langhøy.

Vanleg karnevogn - (gjødsel-
eller- og mold-kjerre) blir lite og iktige
nytta til høykøyring.

Noko slag serreglar for siste lasset
er iktjent. Men dei gamle ~~vøg~~ tok det berre
nøye med å skrapa saman alt høyet, også
småskrapet som künne vera alt når
lasset var pålest. Dette heitte „eller-rakstun“.
Den künne bli eit „kalvefor“ eller „sænefor“,
sa dei. Og „den som ville det små forsma“,
han var iktje verd det store å få“, hermd
dei.

Som før nemut, vart gyrra toget berre

kalla „long-sime“ (sime, -uttala med l
lang i)

5. Ved samslåt (felleslåt) vart
høyet delt i „kjember“, og så høyet bort
kvar for seg av eigarane.

Til siste spørsmål under 5 er det
ingen opplysning å gjera, då stölslåt
ikkje finst her.

6. Transport av höy frå eitmarka
om vinteren har det aldri vore.

Derlege opplysningar:

„Kipe“ er velkjend her, men
ikkje til å bera höy i. Kipa var berre
brukt til å bera fisk i frå båten til
nærsket, og til å bera torv i til
huset.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

114

a: fransstykke
og barsstykke.
Dei har særskilde
namn og heiter
i bygdelmalet

Åkan.

(Det åkan-åkanet)

Slike tverrstykker
blev og kalla tyarte

b = tongsinnere
tauet ein gyrdel
lasset med.

